



ULSTEIN KOMMUNE



# Alkoholpolitisk handlingsplan 2024–2028



ULSTEIN - *der baug bryt bære*

Vedteke av Ulstein kommunestyre  
K-sak 48/24 i møte 30. mai 2024

# 1. Innleiing

## 1.1 Formålet med alkoholpolitisk handlingsplan

Kommunane har stor fridom til å utforme sin eigen alkoholpolitikk tilpassa lokale forhold, innanfor alkohollova.

### [§ 1-1 Lovens formål](#)

*Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.*

Alkoholbruk kan vere ein medverkande faktor ved ulykker, vald, sjølvmoedsåferd, og skade på tredjepart. Døme på sistnemnde kan vere barn som lid under alkoholbruken til foreldra. Alkoholbruk har også mange negative konsekvensar for arbeidslivet som til dømes auka sjukefråvær og tapt produktivitet.

Målsettingar for Ulstein kommune sin løyvepolitikk i perioden 2024-2028 er å

- redusere skadane som alkoholbruk kan medføre
- vareta innbyggjarane i kommunen sitt behov for trygghet og trivsel
- sikre like konkurransevilkår og forsvarleg drift
- aktivt bidra til eit førebyggjande arbeid

Verkemiddel for å oppnå desse føremåla er å avgrense tilgangen til alkohol, ved til dømes regulering av sals- og skjenketider, og stadar det vert servert alkohol. Det skal taskast omsyn til om eit løyve kan påverke tilgangen på alkohol, særleg for yngre aldersgrupper.

Andre viktige tiltak er jamlege kontrollar med sals- og skjenkestadane, og raske reaksjonar ved brot på regelverket. Kommunen skal vidare kurse løyvehavar og tilsette ved sals- og skjenkestadane for å sikre ei ansvarleg alkoholhandtering.

## 1.2 Samarbeid i vår region

Kommunane i vår region har eit ønske om ein tilnærma lik løyvepolitikk, mellom anna for å sikre likast mogleg konkurransevilkår.

Saksbehandlarane i samarbeidskommunane bør ha jamlege samarbeidsmøte for å drøfte ulike problemstillingar og sikre god samordning av

praksis.

Kommunen sin alkohol- og løyvepolitikk må verte sett i samanheng med kommunen sine overordna planverk for rusmiddelpolitikk og folkehelse.

### 1.3 Løyve og utvøing av skjønn

Sal og skjenking av alkoholhaldig drikke kan berre skje på grunnlag av løyve, jf. alkohollova § 1-4a.

Sals- og skjenkeløyve i Ulstein kommune skal vere innanfor alkohollova med forskrifter, forvaltningslova, alkoholpolitisk handlingsplan og kommunen sitt delegeringsreglement.

Ved vurderinga av om løyve skal verte gitt kan det mellom anna leggast vekt på

- driftskonsept, standard og målgruppe
- plassering, trafikk- og ordensmessige forhold og omsynet til lokalmiljøet elles – særleg med tanke på avstand til bustader
- talet på sals- og skjenkestadar
- universell utforming
- næringspolitiske forhold
- om løyvesøkjjar og personar som nemnt i alkohollova § 1-7b første ledd er eigna til å ha løyve

Ved endring av driftskonsept i løyveperioden skal det søkast om nytt løyve.

### 1.4 Nyttige lenker

- [Alkohollova](#)
- [Alkoholforskrifta](#)
- [Helsedirektoratet sine kommentarar til alkohollova](#)
- [Folkehelseinstituttet sine heimesider](#)



# Innhald

<a href="#">1. Innleiing</a>	<a href="#">side 2</a>
1.1. Formålet med alkoholpolitisk handlingsplan	side 2
1.2. Samarbeid i vår region	side 2
1.3. Løyve og utøving av skjønn	side 3
1.4. Nyttige lenker	side 3
<a href="#">2. Definisjonar</a>	<a href="#">side 5</a>
<a href="#">3. Løyveperiode for sals- og skjenkestadar</a>	<a href="#">side 5</a>
<a href="#">4. Om skjenkeløyve</a>	<a href="#">side 5</a>
4.1 Alminneleg skjenkeløyve	side 5
4.1.1 Konsept	side 5
4.1.2 Skjenketider	side 6
4.1.3 Vilkår for skjenkeløyve	side 6
4.2 Skjenkeløyve ved enkelthøve	side 6
4.2.1 Konsept	side 7
4.2.2 Skjenketider ved enkelthøve	side 7
4.2.3 Vilkår ved enkelthøve	side 7
4.2.4 Utandørs festivalar	side 7
4.3 Ambulerande skjenkeløyve	side 8
4.3.1 Kva er eit slutta lag?	side 8
4.3.2 Omfang og skjenketid for ambulerande skjenkeløyve	side 8
4.4 Saksbehandling – skjenkeløyve	side 8
4.4.1 Søkar	side 8
4.4.2 Dokumentasjon	side 8
4.4.3 Innhenting av uttalar	side 9
<a href="#">5. Om salsløyve</a>	<a href="#">side 9</a>
5.1 Salsløyve	side 9
5.1.1 Alkoholgruppe 1	side 9
5.1.2 Alkoholgruppe 2 og 3	side 9
5.1.3 Salstider	side 10
5.1.4 Vilkår for salsløyve	side 10
5.1.5 Salsløyve ved enkelthøve	side 10
5.2 Saksbehandling – salsløyve	side 10
5.2.1 Søkar	side 10
5.2.2 Dokumentasjon	side 10
5.2.3 Innhenting av uttalar	side 11
<a href="#">6. Sals- og skjenkegebyr</a>	<a href="#">side 11</a>
<a href="#">7. Kontroll med sals- og skjenkestadar</a>	<a href="#">side 11</a>
<a href="#">8. Reaksjonar ved brot på alkohollova</a>	<a href="#">side 12</a>
8.1 Prikktildeling	side 12
8.1.1 Inndraging	side 12
8.2 Saksbehandlingsreglar ved brot på regelverket	side 12
<a href="#">Vedlegg: Reaksjonar på brot på alkohollova</a>	<a href="#">side 13</a>

## 2. Definisjonar

Alkoholfri drikk	Under 0,7 %
Alkoholsvak drikk	Frå og med 0,7 % til og med 2,5 %
Gruppe 1	Over 2,5 % og høgast 4,7 %
Gruppe 2	Over 4,7 % og mindre enn 22 %
Gruppe 3	Frå og med 22 % til og med 60 %

## 3. Løyveperiode for sal- og skjenkestadar

Løyveperioden er inntil 4 år og skal vare til 30. september året etter at nytt kommunestyre er konstituert.

Kommunestyret kan bestemme at sal- og skjenkeløyve ikkje skal opphøyve, men gjelde vidare for ny periode med inntil fire år.

## 4. Om skjenkeløyve

Kommunen kan gi alminneleg skjenkeløyve, skjenkeløyve til enkelthøve og ambulerande løyve. Servering av alkohol mot betaling krev løyve, medan servering av alkohol utan betaling normalt ikkje krev løyve.

### 4.1 Alminneleg skjenkeløyve

#### 4.1.1 Konsept

Det vert som hovudregel ikkje gitt alminneleg løyve til

- frisørsalongar/hudpleiesalongar/ butikkar og liknande konsept
- arrangement som er retta hovudsakleg inn mot barn og unge under 18 år
- undervisningsbygg
- mosjon- og idrettsarenaer
- konditori
- galleri og utstillingar
- kulturbygg og bygg som vert nytta som grendehus
- kino
- campingplasser
- soner som elles vert rekna som rusfrie
- bensinstasjonar
- kioskar

Det skal førast ei restrektiv linje med omsyn til nye konsept.

## 4.1.2 Skjenketider

Normal skjenketid	Gruppe 1 og 2	Alle dagar	Inne: klokka 11.00–02.00 Ute: klokka 11.00–01.00
	Gruppe 3	Alle dagar	Inne: klokka 13.00–02.00 Ute: klokka 13.00–01.00
Driftskonsept hotell	Gruppe 1 og 2	Alle dagar	Inne: klokka 09.00–02.00 Ute: klokka 09.00–01.00
	Gruppe 3	Alle dagar	Inne: klokka 13.00–02.00 Ute: klokka 13.00–01.00
Festivaltelt	Gruppe 1 og 2	Alle dagar	Klokka 11.00–01.00

- For skjenkestadar som ligg utanfor tettstadsområde, og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida ute setjast lik skjenketida inne.
- Konsum av alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut. I uteareal skal alkoholhaldig drikke takast med inn i skjenkelokalet når skjenketida er slutt.

## 4.1.3 Vilkår for å få skjenkeløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyve i samsvar med lovverket. Desse kan vere:

- Minimum styrar og vara for styrar skal delta på kurset "Ansvarleg vertskap" så lenge kommunen tilbyr dette i løyveperioden. Ved skifte (styrar og vara for styrar) gjeld det same vilkåret.
- Dersom politiet har kravd ordernsvakter, vert det stilt som vilkår for løyvet.
- Forsvarleg vakthald og dokumentasjon av forsvarleg kompetanse til dørvaktoppgåvene.
- Krav om serveringsløyve for å utøve skjenkeløyve.
- Ansvarleg ved skjenkestaden og den som skjenkar alkohol skal ikkje vere påverka av rusmiddel i arbeidstida.

## 4.2 Skjenkeløyve ved enkelthøve

Skjenkeløyve ved enkelthøve kan gis til arrangement som varer frå 1–6 dagar.

## 4.2.1 Konsept

Konsept det ikkje vert gitt løyve til:

- arrangement som er retta imot barn og unge
- undervisningsbygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.
- campingplassar
- soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubbar, bibliotek og idrettsarenaer i samband med idrettsarrangement og idrettsaktivitet
- hudpleiesalongar, frisørsalongar, tatoveringsstudio og liknande
- gatekjøkken, kioskar, bakeri og liknande konsept

Løyve for gruppe 3 vert berre gitt til arrangement med middagsservert.

## 4.2.2 Skjenketider ved enkelthøve

Skjenketida skal vere som for alminneleg løyve, jamfør punkt 4.1.2.

## 4.2.3 Vilkår ved enkelthøve

Kommunen kan sette sette vilkår for løyvet jamfør [alkoholova § 4-3](#).

Desse kan vere dei same som for alminneleg løyve, jamfør punkt 4.1.3.

Normalt vil vilkåra vere knytt til

- vakthald
- løyve til bruk av bygg og uteareal
- dokumentasjon på forsvarleg tryggleik, som til dømes branntryggingstiltak
- at skjenkestyrar, ved større arrangement, har kunnskapsprøve eller digitalt kurs i ansvarleg vertskap

Kommunen hentar inn uttale, sjå punkt 4.4.3.

## 4.2.4 Festivalar utandørs

- Aldersgrensa ved utandørs festivalar der det vert skjenka alkohol skal vere minimum 18 år.
- Kommunen gir ikkje løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 3. Det gjeld sjølv om det er sett opp festivaltelt eller liknande.
- Konsum av alkoholhaldig drikk må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.
- Festivalområdet skal vere fysisk avgrensa, det skal vere forsvarleg vakthald og sett i verk forsvarlege tryggingstiltak.

## 4.3 Ambulerande skjenkeløyve

Kommunen kan gi ambulerande løyve til slutta lag. I nokre tilfelle er det krav om løyve sjølv om skjenkinga vert gjort utan å krevje betaling, jamfør [alkohollova § 8-9](#).

### 4.3.1 Kva er eit slutta lag?

Eit slutta lag er ei på førehand bestemt gruppe av personar som er samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Det inneber at arrangementet ikkje kan vere ope for alle. Døme på slutta lag er bryllaup, bursdagar, jubileum, firmafestar og liknande. Arrangement som vert haldne av lag og foreiningar er ikkje slutta lag.

Ved leige av lokale er det den som arrangerer det slutta laget som skal søke.

For meir informasjon om ambulerande skjenkeløyve og kva som skal reknast som slutta lag, sjå helsedirektoratet sine heimesider: [Kommunale skjenkebevillinger - Helsedirektoratet](#).

### 4.3.2 Omfang og skjenketid for ambulerande skjenkeløyve

- Det vert ikkje gitt meir enn fem ambulerande løyve på same dag.
- Løyvet kan gjelde alkoholhaldig drikke i gruppe 1, 2 og 3.
- Skjenketider for ambulerande løyve er som for alminneleg løyve, jamfør punkt 4.1.2.

## 4.4 Saksbehandling – skjenkeløyve

### 4.4.1. Søkar

Søkar er den som har det økonomiske ansvaret. Dette kan til dømes vere

- aksjeselskap, ansvarleg selskap, selskap med delt ansvar og stifting
- enkeltpersonføretak

### 4.4.2 Dokumentasjon

Ved søknad om alminneleg skjenkeløyve skal dette leggest ved søknaden:

- eigarforhold
- at styrar og vara for styrar har bestått kunnskapsprøva, jamfør [alkohollova § 1-7c](#)
- at styrar og vara for styrar er tilsett i verksemda
- skravert eller fargelagt skisse over skjenkeareal inne og ute
- tilgjengelegheita i heile lokalet for menneske med nedsett funksjonsevne
- kopi av overdragingsavtale ved eigarskifte
- internkontrollrutinar
- stadfesting på at søkar oppfyller krava i «Forskrift om delvis allmenngjøring av tariffavtale for overnattings-, serverings- og cateringvirksomheter»

Kommunen kan i enkelte tilfelle be om meir dokumentasjon.

Søknadar vert ikkje behandla før all vesentleg dokumentasjon er levert inn.

### 4.4.3 Innhenting av uttalar

Kommunen pliktar å hente inn uttale frå politi og sosialtenesta (i Ulstein ved kommuneoverlege) før søknaden vert behandla. Kommunen kan også innhente uttale frå til dømes Skatteetaten, Mattilsynet og andre offentlege mynde. Dette gjeld hovudsakleg ved alminneleg skjenkeløyve og enkelthøve.

Når det gjeld vandel kan det ikkje takast omsyn til forhold som er eldre enn ti år.

Når det vert søkt om skjenking på utandørs areal, skal det innhentast uttale frå teknisk etat om til dømes regulering, avstand til trafikkareal, plassering og utforming av skjerming/gjerde og eigartilhøve.

## 5. Om salsløyve

Sal av alkoholhaldig drikk skal berre skje når det er gitt kommunalt løyve, jamfør [alkohollova § 3-1](#).

### 5.1 Salsløyve

#### 5.1.1 Alkoholgruppe 1

Alkoholgruppe 1 kan som hovudregel berre seljast av

- daglegvarebutikkar
- spesialbutikkar for mat og alkohol
- utsal frå stad med tilverknadsløyve, som til dømes gardssal

Det er ikkje høve til å opprette monopol for sal av alkoholgruppe 1.

Det vert ikkje gitt salsløyve til

- bensinstasjonar og kioskar
- ubetente butikkar
- lokale der det er gitt skjenkeløyve, med mindre lova opnar for det
- nettbutikkar

#### 5.1.2 Alkoholgruppe 2 og 3

Sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 2 og 3 skal berre skje frå Vinmonopolet sine salsstadar.

### 5.1.3 Salstider

Kvardagar	klokka 09.00–20.00
Laurdag og dagar før heilagdagar	klokka 09.00–18.00
Dagen før Kristi Himmelfartsdag	klokka 09.00–20.00

Det er lov å selje alkohol på valdagen.

Vara skal vere betalt innanfor salstida.

Utlevering av alkohol må finne stad innanfor fastsette tider for sal i kommunen.

### 5.1.4 Vilkår for salsløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyva i tillegg til krava i lovverket.

Desse kan vere:

- Tilsette skal delta på første moglege kurs i «Ansvarleg sal», så lenge kommunen tilbyr det. Dette gjeld minimum styrar og vara for styrar. Ved skifte av styrar/vara gjeld det same vilkåret
- Sal/utlevering av alkohol i ubetente kasser kan berre skje dersom det er personale til stades

### 5.1.5 Salsløyve ved enkelthøve

Salsløyve ved enkelthøve kan gis til arrangement som varer frå 1–6 dagar, på same vilkår som gjeld for alminnelege salsløyve.

## 5.2 Saksbehandling – salsløyve

### 5.2.1 Søkar

Søkar er den som har det økonomiske ansvaret, til dømes:

- aksjeselskap, ansvarleg selskap, selskap med delt ansvar og stifting
- enkeltpersonføretak

### 5.2.2 Dokumentasjon

Ved søknad om alminneleg salsløyve skal følgande dokumentasjon leggst ved:

- eigarforhold
- at styrar og vara for styrar har bestått kunnskapsprøva, jamfør [alkoholova § 1-7c](#)
- at styrar og vara for styrar er tilsett i verksemda
- ei skisse over lokalet der sal skal skje
- kopi av overdragingsavtale ved eigarskifte
- rutinar for internkontroll jamfør alkoholforskrifta kapittel 8
  - Internkontrollrutinane skal sikre at sal frå ubetente kasser skjer i samsvar med alkohollovgivnaden. Brot på dette punktet kan innebere brot på kravet om forsvarleg drift, som gir 8 prikkar, jamfør vedlegg 1.

Kommunen kan i enkelte tilfelle be om meir dokumentasjon.

Søknadar vert ikkje behandla før all vesentleg dokumentasjon er levert inn.

### 5.2.3 Innhenting av uttalar

Kommunen pliktar å hente inn uttale frå politi og sosialtenesta (i Ulstein ved kommuneoverlege). Kommunen kan også innhente uttale frå til dømes Skatteetaten, Mattilsynet og andre offentlege mynde.

Når det gjeld vandel kan det ikkje takast omsyn til forhold som er eldre enn ti år.

Når det vert søkt om sal på utandørs areal, skal det innhentast uttale frå teknisk etat om til dømes regulering, avstand til trafikkareal, plassering og utforming av skjerming/gjerde og eigartilhøve.

## 6. Sals- og skjenkegebyr

- Sals- og skjenkegebyra i kommunen følger gjeldande satsar i alkoholforskrifta.
  - Kommunen gir frist for innrapportering av omsetning som dannar grunnlag for avgift.
- Gebyr for ambulerande løyve følger gjeldande satsar i alkoholforskrifta.

Unntak:

- Gebyr ved søknad om skjenkeløyve for enkelthøve:
  - Løyve for dag 1: 1 200 kroner
  - For påfølgande dagar: 500 kroner per dag
- Gebyr ved søknad om salsløyve for enkelthøve:
  - Løyve for dag 1: 400 kroner
  - For påfølgande dagar: 150 kroner per dag.
- Ved sesongløyve eller løyve for delar av året kan minimumsgebyret i alkoholforskrifta setjast lågare.

## 7. Kontroll med sals- og skjenkestadar

Kommunen skal kontrollere alle sals- og skjenkestadar for å sikre at det ikkje skjer brot på regelverket eller vilkåra i løyvet, jamfør [alkoholforskrifta kapittel 9](#).

Kontrollen skal gjerast med minimum to kontrollørar, og kan skje ope eller anonymt. Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketidene, føresegnene om aldersgrenser, og at det ikkje vert selt eller skjenka alkohol til personar som er openbert påverka av rusmiddel. Kommunen skal elles sikre at kontrollen til ei kvar tid er tilpassa lokale forhold.

Kommunen skal gjennomføre minimum tre gongar så mange kontrollar per år som det er løyve, og kvar stad skal kontrollerast minimum ein gong per år. Kontrollane med ambulerande løyve og løyve for enkelthøve kjem i tillegg til den ordinære skjenkekontrollen.

Saksbehandlar for sals- og skjenkeløyve i kommunen skal gjennomføre årlege planleggingsmøte med skjenkekontrollen.

## 8. Reaksjonar ved brot på alkohollova

Kommunen pliktar å reagere dersom løyvehavar ikkje har oppfylt pliktene sine etter alkohollova, alkoholforskrifta eller løyvevedtaket.

### 8.1 Prikktildeling

Alkoholforskrifta har reglar om prikktildeling ved brot på regelverket eller på vilkåra i løyvet, sjå [alkoholforskrifta kapittel 10](#).

Prikktildeling eller inndraging av sals- og skjenkeløyve kan som hovudregel skje på grunnlag av ein kontroll gjennomført etter kapittel 9 i alkoholforskrifta, eller ein rapport frå andre mynde.

Dess alvorlegare brotet er, dess fleire prikkar skal kommunen gi. Likearta brot under ein kontroll skal vurderast som eit enkeltbrot, men kan også indikere at det ligg føre skjerpande omstende som gir grunnlag for fleire prikkar.

Kva type lovbrod som gir prikkar og kor mange prikkar brotet kvalifiserer til, går fram av alkoholforskrifta § 10-3. Det er utarbeidd ei enkel oversikt i vedlegget. Paragraf § 10-4 opnar for at kommunen kan gi færre eller fleire prikkar. Det skal meir til for å gi færre prikkar enn for å gi fleire prikkar.

#### 8.1.1 Inndraging

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år har fått 12 prikkar, skal kommunen drage inn løyvet i ei veke. Vert det i perioden gitt fleire enn 12 prikkar skal lengda på inndraginga vere lenger.

Når vi reknar toårsperioden, skal tidspunkta for brota leggest til grunn. Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden, jamfør alkohollova § 1-6. Ved overdraging av verksemda startar ny periode, jamfør alkohollova § 1-10 første ledd.

Inndraging av eit løyve kan også skje når vilkåra for å ha løyve ikkje lenger er til stades, som til dømes at kravet til uklanderleg vandel ikkje er oppfylt, jamfør alkohollova § 1-7b.

#### 8.1.2 Saksbehandlingsreglar ved brot på regelverket

Skriftlege rapportar frå sals- og skjenkekontrollen skal sendast til sals- eller skjenkestaden seinast innan ei veke, med ein frist på to veker for eventuelle merknadar, jamfør alkoholforskrifta § 9-6. Dersom det er registrert negative avvik, kan rapporten med eventuell tilleggsrapport sendast ut saman med førehandsvarsel om vedtak.

Vedtak om inndraging og tildeling av prikkar er enkeltvedtak etter [forvaltningslova § 2](#). Det inneber at det gjeld særskilde saksbehandlingsreglar, sjå forskrifta §§ 10-5 og 10-6 og forvaltningslova.

Før eit eventuelt vedtak om inndraging eller prikktildeling vert gjort, pliktar kommunen å gi førehandsvarsel jamfør [forvaltningslova § 16](#). Løyvehavar skal også få ein rimeleg frist til å uttale seg om saka.

## Vedlegg: Reaksjonar ved brot på alkohollova

Prikkar	Regelbrot
8	Sal, utlevering og skjenking til mindreårige (person under 18 år).
	Brot på hjelpeplikta.
	Brot på kravet om forsvarleg drift.
	Å hindre kommunal kontroll.
4	Sal, utlevering og skjenking til person som er openbert påverka av rusmiddel (gjeld både alkohol og narkotika).
	Skjenking til person som truleg er påverka av rusmiddel.
	Brot på reglane om sals-, utleverings- og skjenketid
	Skjenking av alkoholhaldig drikk over 22 volumprosent til person under 20 år.
2	Brot på alderskrav for den som sel, utleverer eller skjenker alkoholhaldig drikk.
	Person som er openbert påverka av rusmiddel får tilgang til lokalet, eller at løyvehavar ikkje ser til at ein person som er openbert påverka av rusmiddel forlèt lokale.
	Manglar ved løyvehavar sin internkontroll.
	Gjentekne tilfelle med omsetnad av narkotika på skjenkestaden.
	Gjentekne tilfelle av diskriminering.
	Manglande levering av omsetningsoppgåve og forseinka betaling av gebyr.
Brot på krav om styrar og vara for styrar.	
1	Brot på krav om alkoholfrie alternativ.
	Brot på reglane om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad.
	Brot på reglane om skjenkemengd for brennevin.
	Brot på vilkår sett i vedtaket om løyve m.m.
	Konsum av medbrakt alkohol.
	Gjestar tek med alkohol ut frå skjenkelokalet.
	Brot på reklameforbodet.
	Det vert skjenka alkohol frå leverandør som ikkje har "tilvirknings- eller salgsbevilling eller som kan drive engrossalg, eller som er tilvirket eller innført med hjemmel i § 4-2 tredje ledd."
	Brot på forbod mot å nytte alkoholhaldig drikk som gevinst, eller premie.
	Brot på forbod mot å dele ut alkoholhaldig drikk til forbrukar med marknadsføring som formål.
	Brot på forbod mot at person som har salsløyve gir rabatt ved sal.
	Brot på forbod mot innføring og omsetting av enkelte alkoholhaldige drikker, jamfør alkohollova § 8-13.



ULSTEIN KOMMUNE

Postboks 143

6067 Ulsteinvik

Tlf. 70 01 75 00

[www.ulstein.kommune.no](http://www.ulstein.kommune.no)

[facebook.com/ulsteinkommune](https://facebook.com/ulsteinkommune)

[instagram.com/ulsteinkommune](https://instagram.com/ulsteinkommune)

**Illustrasjoner:** Adobe Stock